

Samarbeidsavtale om felles arbeidsgjevarkontroll i Midt-Telemark.

Avtalen bygger på prinsippvedtak i kommunestyra om å organisere sine interkommunale samarbeid etter kommunelova sine bestemmelser om administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova §28 bokstavane a, b, e, f, h, i, j og k.

Avtala erstatter samarbeidsavtale inngått 10.10.1999

Ny avtale frå 01.01.2009:

Pkt 1 Deltakararkommunar og vertskommune.

Samarbeidet om Midt-Telemark arbeidsgjevarkontroll omfattar følgjande deltakarkommunar: Bø, Nome og Sauherad. Bø kommune er vertskommune. Nome og Sauherad er samarbeidskommunar. Vertskommunen har i tillegg til å levere desse tenestene til dei samarbeidande kommunar, høve til å levere tilsvarende tenester til øvrige kommunar gjennom bilaterale avtaler.

Pkt 2 Kva for oppgåver og avgjerslemynde skal leggest til vertskommunen.

Samarbeid om oppgåvene, avgjerslemynde og myndighetsutøvinga heimlast i kommunelova § 28 bokstavane a, b, e, f, h, i, j og k.

Det interkommunale samarbeidet i Midt-Telemark arbeidsgjevarkontroll skal omfatte:

Gjennomføre stedlige kontrollar av arbeidsgjevarane i regionen etter intruks for skatteoppkrevere, fastsatt av Skattedirektoratet 12. desember 2007 med hjemmel i lov av 21. november 1952 nr. 2 om betaling og innkreving av skatt §56 nr 1, jf Finansdepartementets delegeringsvedtak av 13. mars 1958 – kapittel 5.

Utarbeide ettersynsrapportar

Gje informasjon, rettleiing og anna oppfylgjingsarbeid i høve til arbeidsgjevarane i regionen.

Pkt 3 Tidspunkt for overføring av myndighet og avgjørelsesmyndighet.

Avtala trer i kraft fra 1.1.2009.

Pkt 4 Informasjon til deltakerne om vedtak som treffast i vertskommunen

Skatteoppkrevjaren i deltakarkommunane er Midt-Telemark arbeidsgjevarkontroll sin faglege kontaktperson og den som Midt-Telemark arbeidsgjevarkontroll rapporterer til i faglege spørsmål.

Midt-Telemark arbeidsgjevarkontroll utarbeider årsrapport med vedtaksstatistikk og øvrig relevant statistikk for tenesta som sendast deltakerkommunane i tråd med rapporteringsrutiner som til eikvar tid gjeld i Midt-Telemark samarbeidet.

Leiar for Midt-Telemark arbeidsgjevarkontroll har ansvaret for at det faglige samarbeidet med deltakerkommunene holdes i hevd.

Pkt 5 Det økonomiske oppgjøret mellom samarbeidskommunene og vertskommunen.

Vertskommunen har budsjettansvar, ansvar for tilfredsstillande lokaler, driftsmidler for kontoret og arbeidsgiveransvar for dei tilsette ved Midt-Telemark arbeidsgjevarkontroll. Midt-Telemark arbeidsgjevarkontroll føl dei retningslinjer for tilsette som gjeld tilsette i Bø kommune.

Midt-Telemark arbeidsgjevarkontroll skal følgje dei til eikvar tid gjeldande budsjettrutiner for interkommunale samarbeid i Midt-Telemark.

Netto driftskostnader for Midt-Telemark arbeidsgjevarkontroll fordelast på deltakerkommunane etter gjeldande fordelingsnøkkel , jfr rutinehåndbok for Midt-Telemarksamarbeidet.

Pkt 6 Nærare reglar for oppseiing og avvikling av samarbeidet.

Den enkelte deltaker kan med ett års varsel seie opp sitt deltakerforhold i vertskommunesamarbeidet.. Avtala slutter da å gjelde ved første årsskifte etter at 1 år har gått.

Dersom ansvaret for arbeidsgjevarkontrollen ved opphøyr av samarbeidet tilbakeførast til den enkelte kommune skal tilsette ved kontoret ha rett til stilling i dei aktuelle kommunene.

Pkt 7 Anna som etter lov krever avtale.

Der ikkje anna er særskilt nevnt i denne avtala, gjeld kommunelova §28 bokstavene a, b, e, f, h, i, j og k.

Pkt 8 Anna som deltakerkommunane ynskjer å nevne i avtalen.

Skatteoppkrevarane i Bø, Nome og Sauherad utgjer fagråd for Midt-Telemark arbeidsgjevarkontroll.

Endring av denne avtalakan gjerast av kommunestyra dersom alle deltakerkommunene gjer likelydande vedtak om dette.

I tillegg til denne avtalen skal Midt-Telemark arbeidsgjevarkontroll følge rutinehandbok for det interkommunale samarbeidet i Midt-Telemark når det gjelder administrative rutiner.

Dei tilsette si medvirkning skal skje i samsvar med hovedavtala sine bestemmelser.

Bilateral samarbeidsavtale om felles arbeidsgjevarkontroll i Midt-Telemark.

Avtalen bygger på kommunelova sine bestemmelser om administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova §28 bokstavane a, b, e, f, h, i, j og k.

Ny avtale frå 01.01.2009 erstattar eventuelle tidlegare avtale med same føremål:

Pkt 1 Deltakarar og vertskommunen.

Samarbeidet om Midt-Telemark arbeidsgjevarkontroll er eigd av Bø kommune, Nome kommune og Sauherad kommune i Telemark. Bø kommune er vertskommune. Vertskommunen har i tillegg til å levere desse tenestene til dei samarbeidande kommunar, høve til å levere tilsvarande tenester til øvrige kommunar gjennom biltaterale avtaler.

Denne avtale gjeld etter dette som bilateral avtale mellom Bø kommune som vertskommune og Kommune som kjøpar av tenester frå Midt-Telemark arbeidsgjevarkontroll

Pkt 2 Kva for oppgåver og avgjerslemynde skal leggest til vertskommunen.

Samarbeid om oppgåvene, avgjerslemynde og myndighetsutøvinga heimlast i kommunelova § 28 bokstavane a, b, e, f, h, i, j og k.

Det interkommunale samarbeidet i Midt-Telemark arbeidsgjevarkontroll skal omfatte:

Gjennomføre stedlige kontrollar av arbeidsgjevarane i regionen etter intruks for skatteoppkrevere, fastsatt av Skattedirektoratet 12. desember 2007 med hjemmel i lov av 21. november 1952 nr. 2 om betaling og innkreving av skatt §56 nr 1, jf Finansdepartementets delegeringsvedtak av 13. mars 1958 – kapittel 5.

Utarbeide ettersynsrapportar

Gje informasjon, rettleiing og anna oppfylgjingsarbeid i høve til arbeidsgjevarane i regionen.

Pkt 3 Tidspunkt for overføring av myndighet og avgjørelsesmyndighet.

Mynde og avgjerslemynde etter denne avtala overførast fra 1.1.2009.

Pkt 4 Informasjon til deltakerne om vedtak som treffast i vertskommunen

Skatteoppkrevjaren i deltakarkommunane er vertskommunen sin faglege kontaktperson i deltakarkommunane og den som vertskommunen rapporterer til i faglege spørsmål.

Midt-Telemark arbeidsgjevarkontroll utarbeider årsrapportar med vedtaksstatistikk og øvrig relevant statistikk for tenesta som sendast deltakerkommunane.

Pkt 5 Det økonomiske oppgjøret mellom xx kommune og vertskommunen.

Vertskommunen har budsjettansvar, ansvar for tilfredsstillande lokaler, driftsmidler for kontoret og arbeidsgiveransvar for dei tilsette ved Midt-Telemark arbeidsgjevarkontroll. Midt-Telemark arbeidsgjevarkontroll føl dei retningslinjer for tilsette som gjeld tilsette i Bø kommune.

Vertskommunen fakturerer ... kommune med kr pr år. Beløpet lønns og prisjusterast årleg med same deflator som brukast i statsbudsjettet i rammene til kommunane.

Pkt 6 Nærare reglar for oppseiing og avvikling av samarbeidet.

Den enkelte deltaker kan med to års varsel seie opp denne avtala.. Avtala sluttar då å gjelde ved første årsskifte etter at 2 år har gått.

Pkt 7 Anna som etter lov krever avtale.

Der ikkje anna er særskilt nevnt i denne avtala gjeld kommunelova §28 bokstavene a, b, e, f, h, i, j og k.

Pkt 8 Anna som kommunane ynskjer å nevne i avtalen.

Skatteoppkrevjaren i ...kommune deltek i fagråd for Midt-Telemark arbeidsgjevarkontroll når det er saker som er aktuelle for ...kommune.